



## Årsmelding 2019

### Om samarbeidet

Søre Sunnmøre IKT er eit interkommunalt samarbeid med utgangspunkt i §27 i kommunelova. Vi leverer tenester innan IKT-drift og utvikling til kommunane i samarbeidet. Serverromet og driftssenteret er lokalisert i rådhuset på Hareid. Kontorlokala og brukarstøtte er på Reiten bygget i Ulsteinvik. Målsettinga til selskapet er å levere stabile og kostnadseffektive IKT tenestar, samt å ha fornøygde brukarar.

Vi er eit eige rettssubjekt og alle dei tilsette er tilsett i selskapet. Selskapet vert ofte omtala som SSIKT, som er ei forkorting for Søre Sunnmøre IKT.

Kommunane som er med i samarbeider er: Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Volda og Ørsta. Det er til saman ca. 49.000 innbyggjarar i desse kommunane.

Selskapet vart skipa 17.10.2017, men formelt starta 01.01.2018 då dei fleste tilsette frå kommunane sine IKT avdelingar vart ført over til det nye selskapet.

Samarbeidet på IKT mellom deltakar kommunane strekker seg tilbake til 2005, då det vart kjøpt nytt sak/arkiv system på eit felles anbod. Sidan dette har samarbeidet utvikla seg til eit eige selskap som no leverer alle dei IKT tenestane i kommunane, som tidlegare var ivaretatt av lokale IKT avdelingar.

Selskapet har per 31.12.2019, 25 årsverks heimlar, med 23 tilsette fordelt på 22 årsverk. Dei tilsette er fordelt på 8 kvinner og 17 menn.

Sjukefråværet i 2019 var på 7,1 %, fordelt på 5,4 % langtid og 1,7 % korttid.

Selskapet har ikkje aktivitet som påverkar det ytre miljøet.

### Styret

Styret til Søre Sunnmøre IKT består av ein representant frå kvar av eigarkommunane

Styremedlemar per 31.12.2019:

Dag Vaagen - Sande kommune (styreleiar)

Ane Malene Sjøvik Nygård - Vanylven kommune

Arnulf Goksøyr - Herøy kommune

Knut Erik Engh - Ulstein kommune

Eivind Longva - Hareid kommune

Asbjørn Moltudal - Volda kommune

Eldar Rune Øye - Ørsta kommune

Det er halde 3 styremøter i 2019.



## Aktivitetar


I 2019 fekk vi tilgang på nye lokalar i Ulsteinvik, desse lokala gjer oss mogelegheit til å samle fleire av våre tilsette på same stad. Sjølv om vi no er meir samlokalisert, manglar vi fortsatt felles lokal for varemottak og reparasjon/verkstad avb utstyr. Dette er eit stort sagn, då vi heller ikkje har gode fasilitetar for dette ute i kommunane.

I 2019 har vi hatt ein jurist (Eline Gisleberg) tilsett i ei prosjektstilling på 6 månadar for å arbeide med databehandlaravtalar og GDPR reglement. Ho har laga rutinar og malar for korleis vi og kommunane skal inngå nye databehandlar avtalar.

Det har vore arbeida med å få på plass eige arbeidsreglement og tilhøyrande regelverk.

Ulstein kommune har frå 01.01.2019 hatt ansvaret for rekneskap, løn, personal og arkiv tenester.

Organisasjons kartet ser pr. 31.12.2019 slik ut:



Leiargruppa består av Guttorm Rimstad, Guro Gausemel og Odd Arild Djupvik.

Vi har organisert oss i tre avdelingar:

- Driftssenteret
- Brukarstøtte / prosjekt
- Fagområder

Kvar avdeling presenterer sine aktivitetar i eigne avsnitt seinare i årsmeldinga.



# Søre Sunnmøre IKT

For å gje informasjon om status i selskapet, vert det kvar månad sendt ut ein rapport om økonomi, brukarstøtte og andre styringstal. Fyrste slike rapport vert levert i juni 2018 og vert publisert på internettsida til selskapet.

Gjennom deler av 2019 har Guttorm Rimstad og Evelyn Haram Larsen vært med i to forskjellige referansegrupper for Helseplattformen. Dette er eit prosjekt som er initiert av helse Midt-Norge og har som mål å skaffe eit felles IKT system innanfor helseområdet for heile regionen. Dette vil gje tilgang på alle nødvendige helseopplysningar på tvers av fagområda i regionen. Vi deltek i desse referansegruppene for å sikre at kommunane sine interesser vert ivaretekne.

Etiske retningslinjer:

Selskapet har utarbeida egne etiske retningslinjer.

Med tanke på arbeidsoppgåvene vi har, er teieplikta eit av dei områda vi har mest fokus på, dette kjem også inn under den nye GDPR regelverket som trådde i kraft i 2018.

Det er også eit fokusområde å sikre at innkjøp av varer og tenester vert gjort innanfor regelverket om offentlig innkjøp.



## Økonomi/rekneskap

Fordeling av kostnader:

Kostnadane til selskapet vert fordelt på kommunane via ein fast fordelingsnøkkel. For 2019 er den nøkkelen 40% på antal deltakar kommunar og 60% på innbyggjar talet i kommunane.

Prosentvis fordeling vert som følger:

Hareid	Herøy	Ørsta	Volda	Sande	Vanylven	Ulstein
12,1 %	16,8 %	19,1 %	17,1 %	8,8 %	9,7 %	16,4 %

Enkelte områder vert ikkje fordelt på alle deltakar kommunane, so den eksakte summen vil avvike litt frå desse % tala.

## Drift

Selskapet har for 2019 eit driftsbudsjett på Kr. 37.438.944.-

Rekneskapet viser eit mindreforbruk på Kr. 2.824.815.-

Av mindreforbruket vert Kr. 2.824.815.- satt av til fond.

Fult rekneskap ligg ved som vedlegg til årsmeldinga.

Vi har ein del avvik mot budsjett, dette skuldast hovudsakleg:

- Moms var ikkje lagt inn i budsjettet i rekneskaps programmet.
- I løpet av 2019 har vi kjøpt inn utstyr og lisensar som har vore budsjettert i kommunane, f.eks Microsoft office lisensar til oppvekst. Dette er vidarefakturert til kommunane.
- Det er ikkje budsjettert med refusjon på sjukefråvær, samt kantinetrekk og OU midlar.
- Vi har vore med i KOMUT ordninga med ei 20% stilling, denne er refundert. Dette var ikkje budsjettert då det var usikkert om prosjektet vart vidareført i 2019.



## ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT

Økonomisk oversikt - Drift				
Tall i 1 kroner	Note	Regnskap 2019	Regulert budsjett 2019	Regnskap 2018
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>				
Brukerbetalinger		0	0	0
Andre salgs- og leieinntekter		-73 860	0	0
Overføringer med krav til motytelse		-42 884 584	-37 438 944	-36 365 822
Rammetilskudd		0	0	0
Andre statlige overføringer		0	0	0
Andre overføringer		0	0	0
Inntekts- og formuesskatt		0	0	0
Eiendomsskatt verk og bruk		0	0	0
Eiendomsskatt annen fast eiendom		0	0	0
Andre direkte og indirekte skatter		0	0	0
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>-42 958 444</b>	<b>-37 438 944</b>	<b>-36 365 822</b>
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>				
Lønnsutgifter		15 125 294	16 019 410	13 599 124
Sosiale utgifter		3 929 224	4 863 360	3 316 302
Kjøp av varer og tjen. som inngår i komm. tjenesteprod.		17 025 073	16 541 174	11 806 428
Kjøp av tjenester som erstatter kommunens tjenesteprod.		326 999	0	240 541
Overføringer		6 295 031	0	2 908 218
Avskrivninger		0	0	0
Fordelte utgifter		460	0	0
<b>Sum driftsutgifter</b>		<b>42 702 081</b>	<b>37 423 944</b>	<b>31 870 614</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>		<b>-256 363</b>	<b>-15 000</b>	<b>-4 495 208</b>
<b>EKSTERNE FINANSINNTEKTER</b>				
Renteinntekter og utbytte		-157 228	0	-59 988
Gevinst finansielle instrumenter		0	0	0
Mottatte avdrag på lån		0	0	0
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>		<b>-157 228</b>	<b>0</b>	<b>-59 988</b>
<b>EKSTERNE FINANSUTGIFTER</b>				
Renteutgifter og låneomkostninger		136 619	15 000	7 353
Tap finansielle instrumenter		0	0	0
Avdrag på lån		0	0	0
Utlån		0	0	0
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>		<b>136 619</b>	<b>15 000</b>	<b>7 353</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjoner</b>		<b>-20 609</b>	<b>15 000</b>	<b>-52 635</b>
Møtpost avskrivninger		0	0	0
<b>Netto driftsresultat</b>		<b>-276 971</b>	<b>0</b>	<b>-4 547 844</b>
<b>BRUK AV AVSETNINGER</b>				
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk		-4 547 844	0	0
Bruk av disposisjonsfond		0	0	0
Bruk av bundne fond		0	0	0
Bruk av likviditetsreserven		0	0	0
<b>Sum bruk av avsetninger</b>		<b>-4 547 844</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>AVSETNINGER</b>				
Overført til investeringsregnskapet		0	0	0
Avsatt til dekning av tidligere års r. messige merforbruk		0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond		2 000 000	0	0
Avsatt til bundne fond		0	0	0
Avsatt til likviditetsreserven		0	0	0
<b>Sum avsetninger</b>		<b>2 000 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk</b>		<b>-2 824 815</b>	<b>0</b>	<b>-4 547 844</b>



Investering

Vi har hatt fleire investeringsprosjekt i 2019, her er ei oversikt:

## REKNEKAPSSKJEMA 2B - INVESTERINGSREKNEKAPEN FORDELT PÅ PROSJEKT

REGNSKAPSSKJEMA 2B				
INVESTERINGREGNSKAPET FORDELT PÅ				
Tall i 1 kroner	Regnskap 2019	Regulert budsjett 2019	Opprinnelig budsjett 2019	Regnskap 2018
<b>Fra regnskapsskjema 2A:</b>				
Investeringer i anleggsmidler	32 644 011,32	30 294 710,00	10 775 000,00	8 298 482,14
<b>Fordeling på</b>				
Gjenstående prosjekt 2017	-	-	-	2 020 110,63
Hardware driftssenter	-	-	-	-
Maskinvare driftssenterer	-	-	-	2 875 743,64
Programvare driftssenteret	-	-	-	691 675,08
IP telefoni	-	-	-	633 529,04
Antivirus	-	-	-	259 171,25
Egenkapitaltilskot	9 682,00	-	-	1 318,00
Maskinvare driftssenteret	3 395 426,90	3 449 406,00	1 450 000,00	-
Programvare driftssenteret	1 293 728,70	1 146 659,00	-	-
IP-Telefoni	1 599 336,80	2 493 176,00	1 500 000,00	-
Innkjøp av EDB utstyr frå samarbeidskommunane	20 573 920,32	13 330 164,00	-	-
Gerica/omsorg	-	200 000,00	200 000,00	391 067,00
Helsestasjons program	88 294,25	1 960 000,00	1 000 000,00	-
Agresso M7 oppgradering	-	-	-	40 850,00
Agresso - Digitalisering 2019	1 059 754,78	875 000,00	875 000,00	-
Agresso M7 oppgradering	537 975,68	517 320,00	-	-
Sak/arkiv	-	-	-	669 201,50
Sak/arkiv system	3 139 100,06	5 190 638,00	5 750 000,00	-
Tieto skule 2017	-	-	-	715 816,00
Oppvekst system	946 791,83	1 132 347,00	-	-
<b>Sum fordelt</b>	<b>32 644 011</b>	<b>30 294 710</b>	<b>10 775 000</b>	<b>8 298 482</b>

Regulert budsjett 2019 er ex. mva, rekneskap 2019 er inkl. mva

Fleire av desse prosjekta vert ført vidare til 2020, då dei ikkje er avslutta.



## Brukarundersøking

Vi har i 2019 utført brukarundersøking for fjerde året. Resultatet viser ei lita auke på den samla brukartilfredsheten. Dette er ei viktig undersøking for oss, då det gjer oss tilbakemelding på korleis brukarane opplever tenestane våre.

Spørsmål	Snitt SSIKT 2016	Snitt SSIKT 2017	Snitt SSIKT 2018	Snitt SSIKT 2019
IKT-avdelingen er imøtekommende når jeg tar kontakt	4,8	5	5	5
IKT-avdelingen yter god service ved henvendelser	4,5	4,8	4,8	4,9
IKT-avdelingen har evne til å sette seg inn i aktuelle problemstilling	4,6	4,8	4,7	4,8
IKT-avdelingen viser tilstrekkelig fleksibilitet i forhold til mine behov	4,3	4,5	4,5	4,6
IKT-avdelingen er løsningsorientert	4,6	4,8	4,7	4,8
IKT-avdelingen leverer tjenester med god kvalitet	4,4	4,6	4,7	4,8
IKT-avdelingen gir svar/tilbakemelding innen det tidspunktet de har lovet	3,9	4,3	4,5	4,7
IKT-avdelingen er tilgjengelig i arbeidstiden	4,1	4,4	4,7	4,8
IKT-avdelingen er tydelige på hva de kan hjelpe meg med	4,4	4,5	4,5	4,7
IKT-avdelingen har tilstrekkelig kapasitet/tid til å imøtekomme mine behov	3,5	3,8	4,2	4,4
Alt i alt, jeg er fornøyd med tjenesten jeg får fra IKT-avdelingen	4,3	4,6	4,7	4,8
<b>Snitt</b>	<b>4,3</b>	<b>4,5</b>	<b>4,6</b>	<b>4,7</b>

## Medarbeidarundersøking

Vi har også i år hatt medarbeidar undersøking. Dette gjer oss verdigfull informasjon om korleis dei tilsette er fornøgd med arbeidsforholda. Frå 2017 til 2019 ser vi at tala for heilhets vurderinga og samla snitt er stabile, enkelte andre områder har variert litt. Vi tek tak i dei områda med svakast resultat og vil jobbe med å forbetre desse områda.

Spørsmål	2017	2018	2019
Organisering av arbeidet	5,0	4,6	4,7
Innhold i jobben	5,1	5,1	5,0
Fysiske arbeidsforhold	4,4	4,3	4,9
Samarbeid og trivsel med kollegene	4,9	5,1	5,0
Mobbing diskriminering og varsling	4,8	4,9	5,3
Nærmeste leder	4,9	4,9	4,9
Overordnet ledelse	4,1	4,4	4,4
Faglig og personlig utvikling	4,8	4,9	4,6
Systemer for lønns- og arbeidstidso	4,8	4,8	4,6
Stolthet over egen arbeidsplass	5,1	4,9	4,8
Helhetsvurdering	5,2	5,1	5,1
<b>Snitt</b>	<b>4,8</b>	<b>4,8</b>	<b>4,8</b>



## Driftssenter

### Generelt

For avdelinga driftssenter handla 2019 om ein god del interne prosjekt for å forbetre og modernisere infrastrukturen som er botnen for tenesteleveransen, og så hadde vi nokre store fagsystemoppgraderingar og –innføringar.

### Fagsystem

- **Acos Websak.**  
Det største prosjektet for året, og eigentleg på fleire år, var innføringa av Acos Websak, som erstatning for ePhorte. Planleggingsarbeidet tok til i god tid på hausten 2018, medan installasjon og konfigurering tok til i januar-februar 2019. Det var eit særst omfattande arbeid å setje i gang med, som tok mykje ressursar heile fyrste halvåret.
- **UBW oppgradering til M7 og eigen UBW installasjon for Volda kommune**  
I januar vart det gjennomført oppgradering av felles UBW installasjon til M7. Dette var eit godt gjennomført prosjekt, som vart gjennomført etter plan i januar.  
På vårparten vart det bestemt frå Volda at dei ville gå for ein heilt ny installasjon av UBW M7, til «Nye Volda». Etter ein god del utsetjingar kom arbeidet godt i gang etter ferien. Det vart ein del arbeid for oss med å setje opp miljøet og så ein god del i desember fram mot driftssetjing.
- **Sensio – Velferdsplattformen**  
Eit anna stort prosjekt, også med oppstart i januar, var Sensioplattformen for velferdsteknologi. Det var eit omfattande arbeid: mange serverar, mykje som ikkje fungerte som tenkt frå leverandør i starten, mykje infrastruktur og system for automatisk oppsett av mobilklientar, samt konfigurering av tryggleiksalarmar. Nettopp tryggleiksalarmar var det fyrste store som skulle i drift i denne plattforma. Med god hjelp av eit team frå brukarstøtte fekk vi bytta alle tryggleiksalarmane i alle kommunane (ikkje Herøy, som har eige opplegg) i løpet av perioden februar – april.  
I tillegg har Ørsta også sett i drift Sensio på to av sine institusjonar, Bakk-Ola og Hjørundfjordheimen. Her gjorde Atea og Ørsta sjølv jobben i høve faktisk utplassering og konfigurering av utstyr, men det var mykje arbeid frå vår side i høve nettverket som trengs for at ein slik kompleks leveranse skal fungere og vere trygg.
- **Samanslåing Hornindal-Grodås.**  
Ikkje eit prosjekt som direkte passar under tittelen fagsystem, men likevel. Her var det mange involverte frå SSIKT, ikkje berre driftssenteret. Vår rolle i dette var primært å få på plass nettverket og infrastrukturtenester som trengs for å levere kommunale tenester til Grodås. Arbeidet tok til med leveranse av nettverk til skulen frå skulestart i august.
- **Azure / Office 365**  
I løpet av fyrste halvår klargjorde vi og sette i drift ein pilot av Office 365 for ein del brukarar.

### Infrastruktur

Parallelt med alle små og store oppgraderingar av fagsystem som går gjennom eit år, så har vi eit viktig arbeid med å halde infrastrukturen oppdatert og skalert til å handtere mengda av brukarar, og ikkje minst trygg. Vi går ikkje i detalj på kva som er gjort teknisk, men vi listar opp ein del kulepunkt av dei store tinga som er gjort gjennom året.



- **Nettverk.**  
Å handtere veksten av brukarar og einingar har også i 2019 vore utfordrande. Det vart kjøpt mange fleire einingar som skal på nett, enn vi fekk melding om på hausten 2018. Veksten er framleis stor på trådløs tilgang. I løpet av 2019 auka talet på samtidig tilkople brukarar i trådløsnettet med 30%, frå om lag 6300 einingar i januar til om 8200 einingar mot årsslutt. For å halde tritt med dette har vi auka talet på trådløse aksesspunkt med 20,3%, frå 1160 basar i januar til 1396 basar i desember. Det som er viktig å hugse på, er at slike utbyggingar førar så godt som alltid med seg byte av anna sentral nettverksinfrastruktur, for å kunne kople opp aksesspunkt. Gjennom året har det meir eller mindre gått ei full stilling til dette arbeidet.
- **Virtualiseringsplattform.**  
Dei aller fleste av våre tenarar er virtualiserte maskiner, altså køyrer det mange tenarar på ein fysisk tenar. Vi nyttar programvaren vSphere ESX til dette. I løpet av mai-juni vart denne programvaren oppgradert til siste versjon. Både av omsyn til framtidig skalering og tryggleik.
- **Brannmurklynger.**  
Vi er sterkt avhengig av våre to brannmurklynger, absolutt all trafikk til/frå internett, interne fagsystem, summetonen i fasttelefonen, ja alt, går gjennom desse. Kjernen i ein trygg leveranse er å halde desse oppdatert. Det vart gjennomført ei stor funksjonsoppgradering av desse i mars.
- **Backuplokasjon i Volda**  
Etter mykje arbeid på hausten hadde endeleg backupromet i Volda byrja å ta form mot slutten av året. Der vert det ein sanntidskopi av alt som er lagra på Hareid, i tillegg vert også vanleg backup flytta frå Hareid og dit.
- **Applikasjons- og skrivebordsleveranse.**  
Ein heilt sentral del av vår leveranse er Citrix-miljøet. Der leverer vi både virtuelle skrivebord og applikasjonar til alle kommunale einingar. Tenestane leverte frå dette miljøet er så sentrale, at vi så godt som aldri kan ta det ned for til dømes oppgraderingar. I oktober oppgraderte vi all programvare for dette, samstundes som vi også bytta all maskinvare som leverer virtuelle skrivebord, og gjekk over til Windows 10. Sjølve arbeidet tok nokre hektiske timar ein ettermiddag og kveld, men planlegging, oppsett og testing var eit arbeid som tok mykje tid og gjekk over seks veker i forkant av oppgraderinga.



## Brukarstøtte og prosjekt

Ved utgangen av 2019 har avdeling for brukarstøtte og prosjekt 12 tilsette fordelt på like mange årsverk. I tillegg har Søre Sunnmøre IKT ein lærling som har bestått fagprøve i 2019 og vi har fått inn ein ny lærling som skal opp til fagprøve i 2020.

Det er 3-4 tilsette som jobbar dedikert med brukarstøtte kvar dag, det vil seie at dei bemannar supporttelefonen og e-postkøa i sakssystemet vårt. Dei sit samla på eit felles kontor på Reiten dei dagane dei har supportvakt. Vi ser at dette har stor verdi i forhold til kunnskapsdeling og det å danne eit fagmiljø og ei kjensle av fellesskap. I tillegg har det ein verdi i forhold til å få sitje samla med resten av dei tilsette i organisasjonen og få bygge arbeidsmiljø og samarbeid på tvers av avdelingane.

Vi har 3 ulike «team» på kryss av avdelingane i SSIKT; nettverk, klient og velferdsteknologi. Dette gir dei tilsette høve til å fordjupe seg innan eit område, samstundes som vi kan arbeide meir strukturert med ulike prosjekt som kjem inn til Søre Sunnmøre IKT. I 2019 har vi hatt mykje arbeid med utskifting av nettverkskomponentar og oppsett/utrulling av tryggleiksalarmar og telefonar til pasientvarsling. Vi har nytta ein del tid til å handtere innkjøp av IT-utstyr til kommunane, samt oppsett og klargjering av klientutstyr både til tilsette og elevar. Vi har hatt fokus på å utnytte ressursane der det er mest hensiktsmessig, og dei tilsette er mykje meir rundt i alle kommunane enn det dei har vore tidlegare.

I 2019 har vi hatt i overkant av 14 000 saker som har blitt registret i vårt brukarstøttesystem. Dette er ei auke på om lag 3000 saker samanlikna med 2018. Vi ser ikkje dette som eit teikn på at det har vore ei auke i talet på problem ute med våre brukarar, men at dei tilsette i kommunane har blitt flinkare til å nytte dei rette kanalane og registrerer saker i brukarstøttesystemet vårt. Dei ulike fagområda har fått eigne «køer» i vårt sakssystem, slik at vi enkelt kan vidaresende saker som går på fagrelaterte spørsmål/problem. Vi har arbeidd for at brukarstøtte skal vere eit single-point-of-contact, og har oppmoda dei tilsette i kommunane om å vere flinke å nytte oss både til små og store spørsmål/problem. Det er viktig for oss at dei tilsette i kommunane opplever at vi er lett tilgjengelig, sjølv om vi kanskje ikkje er so synlege ute i kommunane.

Når det kjem til brukarstøtte er målet vårt framleis å hjelpe flest mogleg ved fyrste kontakt, og vi leverer bra på det området. I 2018 løyste vi 66% av sakene same dag som dei vart meldt inn. I 2019 har vi løyst 67% av innkomne saker same dag, med ei gjennomsnittleg løysingstid på under ein time frå saka vart meldt inn. Om ein ser på sakene som vart løyst i brukarstøttekøa i 2019 (som ikkje vert sendt vidare til andre «køer»), utgjer dette i overkant av 12 000 saker der vi løyser 71% same dag og 85% innan 3 dagar. Tilbakemeldingane frå dei tilsette rundt om i kommunane er positive, noko som syner igjen i resultatata frå brukarundersøkinga.



## Fagområda

### Fagområde – omsorg

Gerica har hatt stabil drift og samarbeidet mellom SSIKT og lokale systembrukarar fungerer godt. Det er lite feil. Programmet vart oppgradert i mai og oktober.

Stikkord for 2019 er:

Ny leverandør medisin og multidose: Overgong til Norsk medisinaldepot skapte mykje støy for tilsette i kommunane. For Gerica var test og teknisk oppsett klart i desember 2018 og det fungerte som tenkt frå januar, med nokre mindre justeringar.

Rapportering til Kommunalt Pasientregister ( KPR, tidlegare IPLOS-rapportar)

Helsedirektoratet endra rapporteringsmåte til ny løysing via NHN og sending til KPR-registeret. Godkjent rapportering for alle 7 kommunar var på plass 24.01.2019.

eRom: Sande og Herøy byrja som pilot via IPAD. Sande i kommunal omsorgsbustad, Herøy ved sjukeheimsavdelingar Myrvåg. Erfaringar med IPAD og behov for stabilt nett, gjorde at Ulstein haust 2019 starta med nettbrett med sim-kort i ein bustad. Ørsta skal starte i tilsvarande budstad januar 2020. Erfaringar frå siste 2 siste bygga, avgjer vidare breidding i kommunale bustader og institusjonar, for god dagleg kvittering av fortløpande hjelp ytt til brukar.

Elektronisk samhandling: Vår 2019 utvida vi samhandling til alle sjukehusa i Helse Vest, legevakter, fleire legekontor, samt samhandling internt mellom helsestasjonane våre og mellom helsestasjonane og Gerica. Antal meldingar inn/ ut til Gerica auka med i overkant av 13.000 i 2019, til ca 72.000. Det er svært få feil, og samhandlinga gir helsepersonell rask tilgong til oppdatert helseinformasjon sikker samhandling.

Gerica mobilar: Alle lisensar vart skifta frå Windows til Android våren 2019. Versjon er enklare i drift, og gir enklare styring og oppdatering av telefonane.

Gerica eLås: Oppstart i Volda i august. Dei har no 20 eLås og det er klart for breidding til fleire kommunar. God kartlegging og bruk av låsesmed er nødvendig.

DigiHelse: Våre kommunar opna for digital innbyggardialog mellom Gerica og helsenorge i oktober med tenestene matombering og praktisk bistand. Våren 2020 skal fleire tenester opnast for. Det er pr i dag få innbyggjarar som er digitalt aktive, men det er nasjonale føringar på utviding av slike tenester.

Nye Volda: Eige delprosjekt for implementering av Hornindal sine tenestemottakarar inn i Gerica med aktive tenester frå 01.01.2020. Arbeid var tilpassing av nye nivå, tilgongar, opplæring nye tilsette, etablering av saker mv. Fakturagrunnlag januar 2020 frå Gerica til ny UBW Volda, har vi ikkje fått testa pr d.d, og manglar erfaringar frå det.

Helseplattformen: Fagressurs ved SSIKT har delteke i ulike møter i løpet av året.



## Helsestasjonsprogramma:

Dei fem kommunane Hareid, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta har brukt HsPro og felles meldingstenar Visma Link. Herøy og Sande kommunar har brukt CGM helsestasjonsprogram og meldingstenar Dips. Fagkonsulentane har bistått ved vanskar i samhandling eller tekniske spørsmål knytt til det.

Anbod nytt helsestasjonsprogram: Det har gått med mykje tid til anbudsprosessen, testing og vurderingar før kontrakt vart signert hausten 2019. Valet vart HsPro med felles VismaLink meldingstenar, samt KS Svar ut og elektronisk arkivløyning. Alt skal vere i drift innan utgangen av mars 2020.

## Helsestasjonsprosjektet:

Prosjektet starta gjennomføring i desember 2018. Ved utgang av 2019 var 2 av 6 leveransar ferdigstilte og godkjende. Desse er ein felles nettportal for helsestasjonane i Sjustjerna (Helsestasjonsportalen Søre Sunnmøre – [www.ssikt.no/helsestasjon](http://www.ssikt.no/helsestasjon)) og innføring av felles fagprosedyrar på tvers av kommunane. Her har ein redusert talet på prosedyrar frå 104 til 20. Resterande leveransar er under arbeid, prosjektet er på plan og på budsjett.

## Fagområde – oppvekst

For oppvekstsektoren er det innføring av Tieto Education som har vorte vektlagt også i 2019.

Leverandøren har vore forseinka med ein del funksjonalitetar, så fokuset har vore på å utbetre bruken av det vi allereie har gjennom ekstra kursing og erfaringsutveksling. Skulane har også så smått lansert ein føresetApp, m.a. for kommunikasjon med heimen. I tillegg har vi utført ROS-analyser og hatt fokus på å utvikle felles rutinar.

Nytt av året er at også sfo og barnehagar har fått opplæring i bruk av systemet. Dei nyttar det no m.a. som forsystem for fakturering, til opptaksprosessen og til administrasjon (oversikt over barn og plassering av desse).

Vi har hatt jamlege superbrukarmøter gjennom heile året, ei gruppe for skule og ei gruppe for barnehage/sfo. Prosjektet ber preg av eit god samarbeid mellom dei ulike kommunane. Vi har også fått på plass ein ny samarbeidsportal, med mål om at informasjon og diskusjonar skal vere samla og lett tilgjengeleg for alle superbrukarane.



Hovudsatsinga for 2019 har vore å digitalisere/effektivisere bruken av UBW, og det har blitt gjennomført fleire større og mindre prosjekt med dette som målsetjing.

Første delen av 2019 måtte vi lande prosjektet med UBW oppgradering frå Milestone 5 til Milestone 7, inklusiv samanslåing til felles database for alle sju kommunane. Dette prosjektet vart ferdigstilt 1. kvartal 2019 innanfor dei gitte kostnadsrammene som var overført frå 2018.

Innanfor prosjektet «Digitalisering av UBW» har vi fått gjennomført eit fellesmøte mellom økonomi/lønn/personal og Evry for å bli samde om felles satsingsområde og endringsynskje for UBW. I mars 2019 vart ny, skybasert månadsrapport for økonomi og frávær sett i produksjon. Denne månadsrapporten gir grafiske framstillingar i tillegg til trafikklys og felt for kommentarar, korrigerande tiltak og forventa avvik ved årsslutt. Fungerer bra, også med single sign-on pålogging direkte frå UBW web.

Ny helelektronisk reiseregning vart sett i drift hos alle firma ila 2019. Grunna fleire uheldige omstende hos vår systemleverandør Evry, tok dette prosjektet lengre tid enn estimert. Prosjektet skulle vore ferdigstilt tidleg 2018, men kom først i hamn medio 2019. Det ser no ut til å fungere bra på både mobil og pc, i og utanfor kommunalt nett.

HR rapportering: Herøy og Ulstein var med på første fagdagen ilag med Evry, som pilotar i prosjektet. Sjølve modulen er installert, men arbeidet med å bygge opp rett organisasjonsstruktur og kople begrep og relasjonar har tatt tid. Dette arbeidet må difor halde fram i 2020 for å slutføre prosjektet på ein tilfredsstillande måte.

Digital sjukmelding: Også denne modulen må basere seg på same organisasjonsstruktur som vert satt opp mot HR rapportering. Når dette arbeidet er ferdigstilt vil arbeidstakar kunne sende sjukmelding digitalt, og arbeidsgjevar får denne digitalt inn i UBW. Per i dag vert sjukmeldingar skrive ut frå Altinn og registrert manuelt inn i UBW. Ei slik digitalisering vil dermed kunne spare kommunane for mykje manuelt arbeid. Kommunane har estimert denne tidsbruken til ca. 20 % stilling.

I fjerde kvartal vart det gjennomført to fellessamlingar med Fagdag refusjon for alle kommunane, ilag med ein konsulent frå Evry. Det har vore mange brukerstøttesaker innanfor temaet refusjon, og fagdagan vart gjennomført etter ynskje frå lønn/personal. Kurset vart godt motteke og talet på slike saker har gått mykje ned.

Det har elles blitt brukt ein del tid på å bistå Volda kommune i samband med samanslåing med Hornindal kommune og oppretting av ny UBW på ny database. Her har systemansvarlege for lønn og økonomi bistått med uttrekk av data til konvertering, oppbygging av nye rapportvariantar og vore med på gjennomgangar av løysingsforslag ilag med Evry. Det har gitt auka systemforståelse å få vere Søre Sunnmøre IKT



med på oppbygging av ny UBW database frå grunnen av, noko som resten av samarbeidet vil kunne nyttiggjere seg av.

## Fagområde – Sak/arkiv og portal

### Innføring av nytt saksbehandlingssystem – Acos WebSak

Innføring av Acos WebSak med tilleggsmodular har vore eit omfattande prosjekt i 2019.

Oppstart med opplæring og konfigurasjon av systemet i januar og ferdig innført for alle kommunane tidleg i juni. Arbeidet med oppfølging, tilpassing og opplæring fortsette utover hausten og har krevd mykje av arkivressursane i kommunane i heile 2019.

I tillegg til den vanlege saksbehandlingsmodulen, har WebSak ein Fokus modul der saksbehandlarane kan saksbehandle direkte frå outlook grensesnittet. Politikarane har fått ein eigen Møteportal der dei finn alle møtedokument digitalt i same stund som innkallinga blir sendt ut. Innsynsløysinga som vi har teke i bruk gjer at kommunane kan legge valde dokument i fulltekst ut på innsyn til innbyggjarane.

Kommunane har valt å pulisere byggesaker og plansaker i fulltekst, på denne måten slepp dei å behandle innsynsførespurnader i desse sakene.

Byggesaksbehandlarane har fått ein eigen byggesaksmodul, Acos Eigedom, der saksbehandlarane har fått arbeidsflytar for behandling av ulike sakstypar.

Vi har innført løysing for digitale skjema som vi bygger, endrar og administrerer sjølve, desse skjema kan nyttast også mot andre system enn saksbehandlingssystemet. Leiarane har fått eit verktøy for oversikt over si avdeling si saksbehandling – Ledelsesinfo.

Personal har fått eit nytt rekrutteringssystem frå WebCruiter med direkte integrasjon mot arkivet i Acos WebSak.

### Heimesider

Etter mykje arbeid med å få på plass nye heimesider for kommunane i 2018 har arbeidet med heimesidene gått veldig greitt i 2019. Vi har oppgradert til ny versjon av programmet nokre gongar i løpet av 2019 og det har vore gjennomført interkommunale møter i web-gruppa. Svein Arne Orvik frå Ulstein kommune vart valt til leiar i gruppa for to år.

Kommunane har fått på plass felles internettportal for Helsestasjonane. Fleire kommunar har også oppretta underportalar for barnehagar og skular, som fungerer som egne heimesider for skulane og barnehagane.



# Søre Sunnmøre IKT

Guttorm Rimstad

Dagleg leiar

Søre Sunnmøre IKT

Ulsteinvik 05.04.2018



# Søre Sunnmøre IKT



## REKNESKAP 2019

Oana-Andreea Chiriac

# INNHALD

---

<b>ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT</b>	<b>2</b>
<b>REKNESKAPSSKJEMA 1A – DRIFTSREKNESKAPEN</b>	<b>3</b>
<b>REKNESKAPSSKJEMA 1B – DRIFTSOMRÅDET</b>	<b>4</b>
<b>ØKONOMISK OVERSIKT INVESTERING</b>	<b>5</b>
<b>REKNESKAPSSKJEMA 2A – INVESTERINGSREKNESKAPEN</b>	<b>6</b>
<b>REKNESKAPSSKJEMA 2B – INVESTERINGSREKNESKAPEN FORDELT PÅ PROSJEKT</b>	<b>7</b>
<b>BALANSEREKNESKAPEN</b>	<b>8</b>
<b>NOTE 1: KRETSLØP 1 – ARBEIDSKAPITALEN</b>	<b>9</b>
<b>NOTE 2: KRETSLØP 2 – EIGENKAPITALEN</b>	<b>100</b>
<b>NOTE 3: FORDRINGAR</b>	<b>111</b>
<b>NOTE 4 GJELD</b>	<b>12</b>
<b>NOTE 5 EGENKAPITALTILSKOT</b>	<b>13</b>

## ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT

Økonomisk oversikt - Drift				
Tall i 1 kroner	Note	Regnskap 2019	Regulert budsjett 2019	Regnskap 2018
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>				
Brukerbetalinger		0	0	0
Andre salgs- og leieinntekter		-73 860	0	0
Overføringer med krav til motytelse		-42 884 584	-37 438 944	-36 365 822
Rammetilskudd		0	0	0
Andre statlige overføringer		0	0	0
Andre overføringer		0	0	0
Inntekts- og formuesskatt		0	0	0
Eiendomsskatt verk og bruk		0	0	0
Eiendomsskatt annen fast eiendom		0	0	0
Andre direkte og indirekte skatter		0	0	0
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>-42 958 444</b>	<b>-37 438 944</b>	<b>-36 365 822</b>
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>				
Lønnsutgifter		15 125 294	16 019 410	13 599 124
Sosiale utgifter		3 929 224	4 863 360	3 316 302
Kjøp av varer og tjen. som inngår i komm. tjenesteprod.		17 025 073	16 541 174	11 806 428
Kjøp av tjenester som erstatter kommunens tjenesteprod.		326 999	0	240 541
Overføringer		6 295 031	2 547 844	2 908 218
Avskrivninger		0	0	0
Fordelte utgifter		460	0	0
<b>Sum driftsutgifter</b>		<b>42 702 081</b>	<b>37 423 944</b>	<b>31 870 614</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>		<b>-256 363</b>	<b>-15 000</b>	<b>-4 495 208</b>
<b>EKSTERNE FINANSINNTEKTER</b>				
Renteinntekter og utbytte		-157 228	0	-59 988
Gevinst finansielle instrumenter		0	0	0
Mottatte avdrag på lån		0	0	0
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>		<b>-157 228</b>	<b>0</b>	<b>-59 988</b>
<b>EKSTERNE FINANSUTGIFTER</b>				
Renteutgifter og låneomkostninger		136 619	15 000	7 353
Tap finansielle instrumenter		0	0	0
Avdrag på lån		0	0	0
Utlån		0	0	0
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>		<b>136 619</b>	<b>15 000</b>	<b>7 353</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjoner</b>		<b>-20 609</b>	<b>15 000</b>	<b>-52 635</b>
Motpost avskrivninger		0	0	0
<b>Netto driftsresultat</b>		<b>-276 971</b>	<b>0</b>	<b>-4 547 844</b>
<b>BRUK AV AVSETNINGER</b>				
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk		-4 547 844	-4 547 844	0
Bruk av disposisjonsfond		0	0	0
Bruk av bundne fond		0	0	0
Bruk av likviditetsreserven		0	0	0
<b>Sum bruk av avsetninger</b>		<b>-4 547 844</b>	<b>-4 547 844</b>	<b>0</b>
<b>AVSETNINGER</b>				
Overført til investeringsregnskapet		0	0	0
Avsatt til dekning av tidligere års r.messige merforbruk		0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond		2 000 000	2 000 000	0
Avsatt til bundne fond		0	0	0
Avsatt til likviditetsreserven		0	0	0
<b>Sum avsetninger</b>		<b>2 000 000</b>	<b>2 000 000</b>	<b>0</b>
<b>Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk</b>		<b>-2 824 815</b>	<b>0</b>	<b>-4 547 844</b>

## REKNESKAPSSKJEMA 1A - DRIFTSREKNESKAPEN

Vedlegg 1				
Regnskapsskjema 1A - Driftsregnskapet				
Tall i 1 kroner	Regnskap 2019	Regulert budsjett 2019	Opprinnelig budsjett 2019	Regnskap 2018
<b>FRIE DISPONIBLE INNTEKTER</b>				
Skatt på inntekt og formue	0	0	0	0
Ordinært rammetilskudd	0	0	0	0
Eiendomsskatt verk og bruk	0	0	0	0
Eiendomsskatt annen fast eiendom	0	0	0	0
Andre direkte eller indirekte skatter	0	0	0	0
Andre generelle statstilskudd	0	0	0	0
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>FINANSINNEKTER/-UTGIFTER</b>				
Renteinntekter og utbytte	-157 228	0	0	-59 988
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidler)	0	0	0	0
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	136 619	15 000	15 000	7 353
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0
<b>Netto finansinntekter/-utgifter</b>	<b>-20 609</b>	<b>15 000</b>	<b>15 000</b>	<b>-52 635</b>
<b>AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER</b>				
Til dekning av tidligere års regnskapsmessige merforbruk	0	0	0	0
Til ubundne avsetninger	2 000 000	2 000 000	0	0
Til bundne avsetninger	0	0	0	0
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	-4 547 844	-4 547 844	0	0
Bruk av ubundne avsetninger	0	0	0	0
Bruk av bundne avsetninger	0	0	0	0
<b>Netto avsetninger</b>	<b>-2 547 844</b>	<b>-2 547 844</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>FORDELING</b>				
Overført til investeringsregnskapet	0	0	0	0
Til fordeling drift	-2 568 453	-2 532 844	15 000	-52 635
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	-256 363	2 532 844	-15 000	-4 495 208
<b>Regnskapsmessig merforbruk/mindreforbruk</b>	<b>-2 824 815</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-4 547 844</b>

## REKNESKAPSSKJEMA 1B - DRIFTSOMRÅDET

Vedlegg 2				
Regnskapsskjema 1B - Driftsregnskapet				
Tall i 1 kroner	Regnskap 2019	Regulert budsjett 2019	Reguleringer 2019	Opprinnelig budsjett 2019
<b>Fra regnskapsskjema 1b:</b>				
<b>Netto driftsutgifter per Ansvar</b>				
Driftsenteret	-19 496 819	-18 324 475	2 547 844	-20 872 319
Brukarstøtte/prosjekt8	9 421 314	10 097 699	-	10 097 699
Strategi	447 368	723 461	-	723 461
Fag-Omsorg	2 329 777	3 248 888	-	3 248 888
Fag-Økonomi og lønn	3 941 021	3 718 863	-	3 718 863
Fag-Sak/arkiv og web	2 033 975	1 906 704	-	1 906 704
Fag-Oppvekst	1 067 003	1 161 704	-	1 161 704
<b>Netto for Avdeling</b>	<b>-256 363</b>	<b>2 532 844</b>	<b>2 547 844</b>	<b>-15 000</b>

## ØKONOMISK OVERSIKT INVESTERING

Økonomisk oversikt - Investering					
Tall i 1 kroner	Note	Regnskap 2019	Regulert budsjett 2019	Opprinnelig budsjett 2019	Regnskap 2018
<b>INNETEKTER</b>					
Salg driftsmidler og fast eiendom		0	0	0	0
Andre salgsinntekter		0	0	0	0
Overføringer med krav til motytelse		-956 674	0	0	-8 298 482
Moms-kompensasjon		-5 391 697	0	0	0
Statlige overføringer		0	0	0	0
Andre overføringer		0	0	0	0
Renteinntekter, utbytte og eieruttak		0	0	0	0
<b>Sum inntekter</b>		<b>-6 348 371</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-8 298 482</b>
<b>UTGIFTER</b>					
Lønnsutgifter		0	0	0	0
Sosiale utgifter		0	0	0	0
Kjøp av varer og tjen. som inngår i komm. tjenesteprod.		27 242 632	30 294 710	10 775 000	8 297 164
Kjøp av tjenester som erstatter kommunens tjenesteprod.		0	0	0	0
Overføringer		5 391 697	0	0	0
Renteutgifter og omkostninger		0	0	0	0
Fordelte utgifter		0	0	0	0
<b>Sum utgifter</b>		<b>32 634 329</b>	<b>30 294 710</b>	<b>10 775 000</b>	<b>8 297 164</b>
<b>FINANSIERINGSTRANSAKSJONER</b>					
Avdrag på lån		0	0	0	0
Utlån		0	0	0	0
Kjøp av aksjer og andeler		9 682	0	0	1 318
Dekning av tidligere års udekkede merforbruk		0	0	0	0
Avsatt til ubundne investeringsfond		0	0	0	0
Avsatt til bundne fond		0	0	0	0
Avsatt til likviditetsreserven		0	0	0	0
<b>Sum finansieringstransaksjoner</b>		<b>9 682</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1 318</b>
<b>Finansieringsbehov</b>		<b>26 295 640</b>	<b>30 294 710</b>	<b>10 775 000</b>	<b>0</b>
<b>FINANSIERING</b>					
Bruk av lån		-26 295 640	-30 294 710	-10 775 000	0
Salg av aksjer og andeler		0	0	0	0
Bruk av tidligere års udisponerte mindreforbruk		0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån		0	0	0	0
Overført fra driftsregnskapet		0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond		0	0	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond		0	0	0	0
Bruk av bundne fond		0	0	0	0
Bruk av likviditetsreserven		0	0	0	0
<b>Sum finansiering</b>		<b>-26 295 640</b>	<b>-30 294 710</b>	<b>-10 775 000</b>	<b>0</b>
<b>Udekket / Udisponert</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## REKNESKAPSSKJEMA 2A - INVESTERINGSREKNESKAPEN

Regnskapsskjema 2A - Investeringsregnskapet				
Tall i 1 kroner	Regnskap 2019	Regulert budsjett 2019	Opprinnelig Budsjett 2019	Regnskap 2018
<b>FINANSIERINGSBEHOV</b>				
Investeringer i anleggsmidler	32 644 011	30 294 710	10 775 000	8 298 482
Utlån og forskutteringer	0	0	0	0
Kjøp og sal av aksjar	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0
Dekking av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0
Avsetninger	0	0	0	0
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>32 644 011</b>	<b>30 294 710</b>	<b>10 775 000</b>	<b>8 298 482</b>
<b>FINANSIERING</b>				
Bruk av lånemidler	-26 295 640	-30 294 710	-10 775 000	0
Inntekter fra salg av anleggsmidler	0	0	0	0
Tilskudd til investeringer	0	0	0	0
Kompensasjon for meirverdiavgift	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	-956 674	0	0	-8 298 482
Andre inntekter	-5 391 697	0	0	0
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>-32 644 011</b>	<b>-30 294 710</b>	<b>-10 775 000</b>	<b>-8 298 482</b>
Overført fra driftsregnskapet	0	0	0	0
Bruk av tidlegare års mindreforbruk	0	0	0	0
Bruk av avsetninger	0	0	0	0
<b>Sum finansiering</b>	<b>-32 644 011</b>	<b>-30 294 710</b>	<b>-10 775 000</b>	<b>-8 298 482</b>
<b>Udekket / Udisponert</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## REKNESKAPSSKJEMA 2B - INVESTERINGSREKNESKAPEN FORDELT PÅ PROSJEKT

REGNSKAPSSKJEMA 2B				
INVESTERINGSREGNSKAPET FORDELT PÅ				
Tall i 1 kroner	Regnskap 2019	Regulert budsjett 2019	Opprinnelig budsjett 2019	Regnskap 2018
<b>Fra regnskapsskjema 2A:</b>				
Investeringer i anleggsmidler	32 644 011,32	30 294 710,00	10 775 000,00	8 298 482,14
<b>Fordeling på</b>				
Gjenstående prosjekt 2017	-	-	-	2 020 110,63
Hardware driftssenter	-	-	-	-
Maskinvare driftssenterer	-	-	-	2 875 743,64
Programvare driftssenteret	-	-	-	691 675,08
IP telefoni	-	-	-	633 529,04
Antivirus	-	-	-	259 171,25
Egenkapitaltilskot	9 682,00	-	-	1 318,00
Maskinvare driftssenteret	3 395 426,90	3 449 406,00	1 450 000,00	-
Programvare driftssenteret	1 293 728,70	1 146 659,00		-
IP-Telefoni	1 599 336,80	2 493 176,00	1 500 000,00	-
Innkjøp av EDB utstyr frå samarbeidskommunane	20 573 920,32	13 330 164,00	-	-
Gerica/omsorg	-	200 000,00	200 000,00	391 067,00
Helsestasjons program	88 294,25	1 960 000,00	1 000 000,00	-
Agresso M7 oppgradering	-	-	-	40 850,00
Agresso - Digitalisering 2019	1 059 754,78	875 000,00	875 000,00	-
Agresso M7 oppgradering	537 975,68	517 320,00		-
Sak/arkiv	-	-	-	669 201,50
Sak/arkiv system	3 139 100,06	5 190 638,00	5 750 000,00	-
Tieto skule 2017	-	-	-	715 816,00
Oppvekst system	946 791,83	1 132 347,00	-	-
<b>Sum fordelt</b>	<b>32 644 011</b>	<b>30 294 710</b>	<b>10 775 000</b>	<b>8 298 482</b>

## BALANSEREKNESKAPEN

<b>Balanseregnskapet</b>			
<b>Tall i 1 kroner</b>	<b>Note</b>	<b>Regnskap 2019</b>	<b>Regnskap 2018</b>
<b>EIENDELER</b>			
<b>ANLEGGSMIDLER</b>			
Faste eiendommer og anlegg		0	0
Utstyr, maskiner og transportmidler		32 634 329	0
Utlån		0	0
Aksjer og andeler		11 000	1 318
Pensjonsmidler		0	0
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>32 645 329</b>	<b>1 318</b>
<b>OMLØPSMIDLER</b>			
Kortsiktige fordringer		6 028 338	5 913 510
Premieavvik		0	0
Aksjer og andeler		0	0
Sertifikater		0	0
Obligasjoner		0	0
Kasse, postgiro, bankinnskudd		29 960 080	7 966 413
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>35 988 417</b>	<b>13 879 923</b>
<b>Sum eiendeler</b>		<b>68 633 746</b>	<b>13 881 241</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>EGENKAPITAL</b>			
Disposisjonsfond		-2 000 000	0
Bundne driftsfond		0	0
Ubundne investeringsfond		0	0
Bundne investeringsfond		0	0
Regnskapsmessig mindreforbruk		-2 824 815	-4 547 844
Regnskapsmessig merforbruk		0	0
Udisponert i investeringsregnskapet		0	0
Udekket i investeringsregnskapet		0	0
Likviditetsreserve		0	0
Kapitalkonto		-6 349 689	-1 318
Endring rekneskapsprinsipp AK (drift)		0	0
Endring rekneskapsprinsipp AK ( investering)		0	0
<b>Sum egenkapital</b>		<b>-11 174 503</b>	<b>-4 549 162</b>
<b>GJELD</b>			
<b>LANGSIKTIG GJELD</b>			
Pensjonsforpliktelser		0	0
Ihendehaverobligasjonslån		0	0
Sertifikatlån		-38 775 000	0
Andre lån		0	0
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>-38 775 000</b>	<b>0</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Kassekredittlån		0	0
Annen kortsiktig gjeld		-18 684 243	-9 332 080
Premieavvik		0	0
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>-18 684 243</b>	<b>-9 332 080</b>
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>		<b>-68 633 746</b>	<b>-13 881 241</b>
Ubrukte lånemidler		0	0
Andre memoriakonti		0	0
Motkonto for memoriakontiene		0	0
<b>Sum memoriakonti</b>		<b>0</b>	<b>0</b>

## NOTE 1: Kretsløp 1 – ARBEIDSKAPITALEN

Kapittel	Balansen	31.12.2019	01.01.2019	Endring
2.1	Omløpsmidler	35 988 417	13 879 923	
2.3	Kortsiktig gjeld	18 684 243	9 332 080	
Endring arbeidskapital i balansen		17 304 175	4 547 843	12 756 331
Endring memoriakonto for ubrukte lånemidler (+/-)				-12 479 360
Sum endring for avstemming mot drifts- og investeringsregnskapet				276 972

Driftsregnskapet 2019		Investeringsregnskapet 2019		Sum
Art	Beløp	Art	Beløp	
+ Sum inntekter		+ Sum inntekter		
600 - 890	42 958 444	600 - 905	6 348 371	
- Sum utgifter		- Sum utgifter		
010 – 590, 690	42 702 081	010 – 501, 690	32 634 329	
+ Avskrivninger				
590	0			
+ Ekst. finans- innt./-transer		+ Eksterne finans. transer		
900-905, 909, 920, 921	157 228	910, 911, 920, 921, 929	26 295 640	
- Ekst. finans- utg./-transer		- Eksterne finans. transer		
500, 501, 509, 510, 511, 520, 521	136 619	510, 511, 520, 521, 529	9 682	
Sum/differanse	276 971	Sum/differanse	0	276 971

Avstemming mellom regnskapsdelene	Beløp
Differanse	0

**NOTE 2: Kretsløp 2 – EIGENKAPITALEN**

<b>Kapittel</b>	<b>Balansen</b>	<b>31.12.2019</b>	<b>01.01.2019</b>	<b>Endring</b>
2.5	Egenkapital	11 174 503	4 549 162	
2.5990	Kapitalkonto	6 349 689	1 318	
<b>Differanse</b>		<b>4 824 815</b>	<b>4 547 844</b>	<b>276 971</b>
<b>Driftsregnskapet 2019</b>		<b>Investeringsregnskapet 2019</b>		<b>Sum</b>
<i>Art</i>	<i>Beløp</i>	<i>Art</i>	<i>Beløp</i>	
- Sum bruk av avsetninger, 930:960	4 547 844	- Bruk av tidligere års udisponert, 930	0	
- årets underskudd , 980	0	- Bruk av disposisjonsfond, 940	0	
		- Bruk av ubundne investeringsfond, 948	0	
		- Bruk av bundne driftssfond, 950	0	
		- Bruk av bundne investeringsfond, 958	0	
		- Udekket i år, 980	0	
+ Sum avsetninger, 530:570	2 000 000	+ Inndekking av tidligere års udekket, 530	0	
+ årets overskudd, 580	2 824 815	+ Avsetning til ubundne investeringsfond, 548	0	
- Overføring til invest. regnskapet , 570	0	+ Avsetning til bundne investeringsfond, 550	0	
		+ Udisponert i år, 580	0	
<b>Sum/differanse</b>	<b>276 971</b>	<b>Sum/differanse</b>	<b>0</b>	<b>276 971</b>

<b>Avstemming mellom regnskapsdelene</b>	<b>Beløp</b>
Differanse	0

**NOTE 3: FORDRINGAR**

Kortsiktige fordringar er samansett av :

<b>Konto</b>	<b>Konto (T)</b>	<b>Beløp</b>
21310015	NAV INTERIMKONTO	-7 490,00
21310030	Oppgjerskonto momskompensasjon	4 178 802,42
21375100	KUNDERESKONTRO	1 135 046,80
<b>SUM</b>		<b>5 306 359,22</b>

**NOTE 4: GJELD**

Kortsiktig gjeld er samansett av :

Konto	Konto (T)	Beløp
23214003	ARBEIDSGJEVARAVGIFT	-303 102,04
23214006	FORSKOTSTREKK	-682 036,00
23214101	Utgående MVA, ved kjøp av utenlandske tenester (post 12)	-7 697,50
23275001	Ymse kreditorar	-169 687,50
23299003	FERIEPENGER D.Å.	-1 606 637,36
23299004	ARB.GJ.AVG. opptj. feriepenger D.Å.	-226 535,82
23299012	PÅLØPNE RENTER	-133 704,70
23499501	LEVRANDØRRESKONTRØ	-15 554 841,88
<b>SUM</b>		<b>-18 684 242,80</b>

**Kretsløp 3 - Anleggsmidler og langsiktig gjeld**

Kapittel	Balansen	31.12.2019	01.01.2019	Endring
2.2	Anleggsmidler (+ v/økning)	32 645 329	1 318	32 644 011
2.4	Langsiktig gjeld (- v/økning)	38 775 000	0	-38 775 000
Differanse				-6 130 989
2.9100/	Memoriakonto for ubruke lånemidler			
2.9110	(+ økning / - reduksjon)			12 479 360
Sum endring i balansen (beregnet endring kapitalkonto)				6 348 371

Kapittel	Balansen	31.12.2019	01.01.2019	Endring
2.5990	Kapitalkonto	6 349 689	1 318	6 348 371

Avstemming mellom regnskapsdelene	Beløp
Differanse	0

## NOTE 5: EIEKAPITALTILSKOT



Søre Sunnmøre IKT

Forsikringstakernr.: 11575001

**Kommunal Landspensjonskasse**  
Gjensidig forsikringsselskap  
Orgnr: 938 708 606 Foretaksregisteret  
Pb. 400 Sentrum, 0103 Oslo  
Tlf: 55 54 85 00  
www.klp.no

*Att. økonomiansvarlig*

24. januar 2020

### Egenkapitaltilskudd til KLP 2019

I dette brevet fremgår innbetalt egenkapitaltilskudd i 2019 (se tabell). Egenkapitaltilskudd i KLP skal regnskapsføres som en eiendel i balansen.

Beløpet som skal føres i regnskapet for 2019 er i utgangspunktet egenkapitaltilskuddet fra balansen 31.12.2018 tillagt innbetalt egenkapitaltilskudd i 2019 (fremgår i tabellen nedenfor).

Innbetalt egenkapitaltilskudd i 2019		
Pensjonsordningen for sykepleiere	kr	5 928
Fellesordningen for kommuner og bedrifter	kr	3 754

#### Alternativ verdsettelse av egenkapitaltilskuddet i regnskapet

Verdien av hver kundes andel av egenkapitaltilskudd og premiereserve fremkommer i kontoutskriftene som vi sender ut i slutten av mai. For enkelte kunder kan innbetalt egenkapitaltilskudd være noe høyere enn deres andel av egenkapitaltilskuddet i KLP. Dette gjelder i hovedsak kunder som av spesielle årsaker har en vesentlig reduksjon i premiereserven. Hvis så er tilfelle, og dere antar at verdifallet vil være varig og ha vesentlig effekt på regnskapet, skal verdien av egenkapitaltilskuddet nedskrives til verdien av deres andel av det totale egenkapitaltilskuddet i KLP. Dersom dere har behov for å sjekke dette før dere får kontoutskriften, kan dere ta kontakt med kunde- og salgsleder hos oss og få oppgitt en estimert verdi.

For de som avlegger regnskap etter internasjonale regnskapsstandarder IFRS, henviser vi til reglene i IAS 39/IFRS 9 for verdsettelse.

Ta gjerne kontakt med våre kunde- og salgsledere dersom dere har spørsmål til dette.

Med vennlig hilsen  
Kommunal Landspensjonskasse